



SOKKELDIREKTORATET



ÅRSRAPPORT 2024

Innhaldsliste

Del I Melding frå etatsleiar	1
Del II Introduksjon til verksemda og hovudtal	4
Del III Aktivitetar og resultat	14
Del IV Styring og kontroll i verksemda	31
Del V Utsikter framover	38
Del VI Årsrekneskap	41

A professional headshot of a middle-aged man with light grey hair, wearing a dark blue suit jacket over a light blue shirt. He is smiling slightly and looking directly at the camera. The background is blurred, showing what appears to be an office or hallway.

Del I

Melding frå etatsleiar

2024 var prega av eit verdsbilete med politisk uro og konfliktar. I Europa var det stor etterspurnad etter energi sidan importen frå Russland er kraftig redusert. På norsk kontinentalsokkel blei det sett ny rekord for sal av gass, og den samla olje- og gassproduksjonen var på det høgaste nivået sidan 2009. Om lag 30 pst. av gassen som blir brukt i Europa kjem frå Noreg, og dette viser kor viktig ressursar frå norsk sokkel er for energitryggleiken i både EU og Storbritannia. Samstundes var mange nye prosjekt under utbygging, noko som vil bidra til produksjonen i åra framover.

Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk sokkel, og har gjennom året følgt opp aktiviteten på sokkelen og utarbeida faglege råd til Energidepartementet. Hovudmålet til direktoratet er å bidra til størst moglege verdiar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning, der det blir teke omsyn til helse, miljø, tryggleik, og til andre brukarar av havet.

Det overordna risikobiletet for Sokkeldirektoratet er prega av at det er stadig fleire oppgåver som skal utførast, med færre ressursar og med ei digital utvikling der direktoratet over mange år har opparbeidt eit etterslep. Det er no sett i verk ei rekke tiltak for å redusere risikoen på desse områda, og vidare reduksjon av risikonivået er høgt prioritert.

I 2024 har direktoratet hatt særskilt merksemd rundt arbeidet med systematisk oppfølging av aktiviteten i utvinningsløyva. Mykje av dei påvistte ressursane ligg enno i felt i drift. Direktoratet arbeider derfor systematisk med å auka utvinninga frå desse ved å utfordre rettshavarane til å bore fleire produksjonsbrønnar eller å sette i verk andre tiltak. Sjølv om det har vore få søknader om godkjenning av nye utbyggingar i 2024, pågår det planlegging av utbygging av fleire funn. Sokkeldirektoratet legg vekt på å påverke utviklinga av desse i ei tidleg fase slik at dei endelege planane tek omsyn til god ressursforvaltning og samla verdiskaping på ein god måte.

Vi har også oppdatert det faglege grunnlaget for potensialet for utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda og moglege konsekvensar for ressursforvaltninga. Vidare har vi halde fram med arbeidet med oppgradering og vidareutvikling av IKT-systema i direktoratet.

Eit arbeid med å utvikle ny strategi for Sokkeldirektoratet starta opp i 2023, og blei fullført før sommaren 2024. Den nye strategien legg til rette for å vidareutvikle direktoratet til framleis å vere relevant og levele minst like godt i åra framover – i takt med endringar rundt oss.

Etter sommaren har det vore gjennomført eit arbeid med å vurdere om direktoratet er organisert på ein måte som best kan realisere denne strategien. Dette arbeidet vil bli fullført i 2025.

Framover er det venta at produksjonen frå norsk sokkel vil avta gradvis. Sokkeldirektoratet sin ressursrapport for 2024 presenterte oppdaterte framtidsbilete for produksjonen fram til 2050 basert på ulike føresetnader. Alle framtidsbileta viser at produksjonen frå norsk sokkel kjem til å falle framover. Kor bratt dette fallet vil bli er avhengig av kor mykje nye ressursar som blir oppdaga og kor mykje av dei oppdaga ressursane som faktisk blir utvikla og sett i produksjon.

Her er det sjølv sagt og naturlige føresetnader, men for å unngå at fallet i produksjonen blir for bratt vil næringa sin vilje og evne til å leite etter nye ressursar, og til å setje dei i produksjon, bli svært viktig. Meir enn 50 år med utvikling av norsk sokkel har vist at utvikling og bruk av teknologi har vore heilt avgjerande. Det er forventa at dei ressursane vi har igjen i stor grad blir meir krevjande både å finne og utvinne. Utvikling og bruk av teknologi blir difor truleg endå viktigare enn det har vore fram til no.

Næringa arbeider godt med teknologi på mange område. Sokkeldirektoratet har identifisert område det det bør gjerast meir, og desse er nedfelt i vår eigen teknologistrategi. Denne er utgangspunkt for eit omfattande engasjement med næringa, gjennom møter i utvinningsløyva, møter med leiinga i selskapa og ved å arrangere fleire godt besøkte seminar gjennom året. Slike seminar inspirerer til deling av kunnskap, samarbeid og samhandling.

Det er stor og aukande interesse for areal til sikker lagring av CO₂ på norsk sokkel. Norsk sokkel har eit stort lagringspotensial, og mange aktørar vurderer fangst av CO₂ i Europa som kan bli transportert til norsk sokkel for lagring her. Langskip-prosjektet og Northern Lights bidrar alt før det er i drift med nyttig læring som blir vurdert for å kunne realisere nye verdikjeder i framtida.

Sokkeldirektoratet utviklar stadig ny kunnskap om lagringspotensialet. Vi følgjer opp at næringa etterlever regelverket, og vurderer om nye prosjekt kan bli realisert i god sameksistens med andre næringar. Samstundes arbeider vi med vidareutvikling av regelverket.

Etter at Stortinget slutta seg til å opne for aktivitet knytt til mineral på havbotnen har direktoratet arbeidd med å utarbeide framlegg til forskrifter knytt til forvaltninga av ei slik framtidig næring. Parallelt med dette har vi halde fram med kartlegginga av havbotnen i dei områda der det er mest truleg at det finns kommersielle mineralressursar. Styresmaktene ønskjer ei stegvis utvikling og ein føre-var tilnærming til aktiviteten. Vidare kunnapsinhenting av ressurs- og miljødata i statleg regi er ein viktig del av dette.

Forvaltning av data frå sokkelen er ei sentral oppgåve for direktoratet. Etter at perioden der data er konfidensielle blei korta ned for nokre år sidan, blir stadig meir data tilgjengeleg. Dette har vist seg å vere viktig for verdiskapinga på sokkelen. I løpet av 2024 har Sokkeldirektoratet gjort om lag 3700 seismiske datasett og meir enn 3,8 millionar brønndatasett offentleg tilgjengeleg.

Direktoratet legg ned stor innsats i digital omstilling, effektivisering og forbetring. Vi har framleis teknisk gjeld, og næringa har i brukarundersøkingar peika på at vår digitale infrastruktur heng etter. Vi har i det siste skalert opp aktiviteten noko etter at vi fekk tilført meir ressursar. Men dette er eit kontinuerleg arbeid om vi skal klare å levere på eit auka tilfang av oppgåver. Dette initiativet følgjer og opp Noregs digitale strategi om å bli den mest digitale nasjonen i verda innan 2030, og omlegginga inngår i ei større digital satsing der målet er digital saksbehandling i alle ledd.

Som ledd i å formidle analysar og kunnskap om norsk sokkel offentleggjorde vi ein ny ressursrapport i 2024. Vi erfarer at dei digitale flatene våre er godt besøkte, og at våre vurderingar om ressurspotensialet på norsk sokkel er relevante også i det offentlege ordskiftet om framtida til næringa.

Tryggingsutfordringane som kjem av mellom anna uro og krig i Europa krev ein kontinuerleg høg grad av beredskap og merksemrd rundt sikring og vern mot stadig meir sofistikerte, samansette truslar. Dette set sitt preg på arbeidet både i direktoratet og i sektoren. Uroa påverkar også dei inter-

nasjonale energimarknadene, og understrekar kor viktig det er å kunne levere energi til Europa både på kort og lang sikt. Tilstrekkeleg og kontinuerleg tilgang til energi med akseptable prisar er ein føresetnad for ein berekraftig økonomisk framgang og velstandsutvikling.



Stavanger, 14. mars 2025

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Torgeir Stordal".

Torgeir Stordal
Direktør



Del II

Introduksjon til verksemda og hovedtal

Sokkeldirektoratet (tidlegare Oljedirektoratet) er eit statleg fagdirektorat som blei oppretta i 1972. Vi har hovudkontor i Stavanger og eit kontor i Harstad. Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk kontinentalsokkel og er eit viktig rådgivande organ for Energidepartementet.

I petroleumsverksemda blir det tatt mange avgjører som får store konsekvensar for samfunnet. For å forvalte ressursane godt og sikre vidare verdiskaping, er det viktig å ha ei effektiv og førseieleg forvaltning som har kompetanse til både å forstå og kunne utfordre avgjørder som blir tatt i verksemda. I norsk olje- og gassforvaltning er det Sokkeldirektoratet som i første rekke har den nødvendige petroleumsfaglege kunnskapen.

Hovudoppgåvene til Sokkeldirektoratet er å

- vere fagetat for arbeidet med forvaltninga av petroleumsressursar på kontinentalsokkelen og gi faglege råd i samband med vurdering, undersøking og utvinning av desse
- vere pådriver for å realisere mest mogleg av ressurspotensialet innanfor olje og gass for på den måten å skape størst mogleg verdiar for samfunnet
- bidra til forsvarleg utvinning av norske petroleumsressursar
- utøve forvaltningsstyresmakt i samband med

tildeling av areal, leiting etter og utvinning av petroleumsførekomstar på kontinentalsokkelen

- gi faglege råd om vidareutvikling av reglar og rammer for ressursforvaltning på norsk kontinentalsokkel, og på enkelte område ha styresmakt til å fastsetje forskrifter og gjere vedtak i samsvar med regelverk for petroleumsverksemda
- ha nasjonalt ansvar for data frå kontinentalsokkelen og ei oversikts- og formidlarrolle når det gjeld data, analysar og avgjerdsgrunnlag
- vere fagetat i samband med forvaltning av havbotnmineral
- gi faglege råd om lagring av CO₂ på norsk kontinentalsokkel og innspel til Energidepartementet i samband med søknader om løyve etter CO₂-lagringsforskrifta og planar for utbygging og drift av eit undersjøisk reservoar for injeksjon og lagring av CO₂
- gi faglege råd når det gjeld forsvarleg bruk av areal på norsk kontinentalsokkel, og bidra til god sameksistens mellom ulike brukarar av havet
- føre tilsyn med målingar av mengd olje og gass som blir produsert frå norsk sokkel for å sikre at nøyaktige og pålitelege målingar ligg til grunn for berekning av skattane og avgifte ne til staten, og inntektene til rettshavarane i petroleumsverksemda (fiskal kvantummåling)



Vi er ein fleksibel kompetanseorganisasjon og skil oss noko frå den meir tradisjonelle strukturen i statsforvaltninga. Vi har ingen seksjonar eller avdelingar, men organiserer arbeidet i lag med eigne mandat. Slike lag – eller arbeidsfellesskap – blir oppretta og lagde ned etter behov.

Organisasjonsprosjektet «Sokkeldirektoratet 2025»

I 2024 starta Sokkeldirektoratet eit arbeid med å vurdere organisasjonen basert på den strategiske planen til direktoratet, tildelingsbrevet for 2024 og endringar i omgivnadene sidan førre organisasjonsjustering. Arbeidet har vore gjennomført i ei partsamansett arbeidsgruppe med formål om ei heilskapleg og overordna tilnærming til utvikling av Sokkeldirektoratet. Arbeidsgruppa har belyst nåsituasjonen til organisasjonen med fokus på styrkar og utfordringar og vidare modna fram kva som skal kjenne teikne ein framtidig organisasjon. Arbeidet har mellom anna omfatta leiarskap, kultur og alternative organisasjonsmodellar. Dette arbeidet vart ferdigstilt på slutten av året. Ein ny organisasjonsmodell vart lagt fram til forhandling med dei tillitsvalde og ny protokoll om ny organisasjon vart signert i januar 2025 med ein intensjon om oppstart 1.4.2025.

Strategi 2024-2028

For å møte dei framtidige utfordringane og sikre eit heilskapleg syn på ei vidare utvikling av Sokkeldirektoratet vart det sett i gang ein strategiprosess hausten 2023. Prosessen vart sluttført i juni 2024 der mål og tiltak vart identifisert for iverksetjing.


Vi erfarer at omgivnadene endrar seg raskt. Dette gir behov for tydelege prioriteringar og langsigttig arbeid for å sikre at direktoratet leverer minst like godt i åra framover som til no. Prosessen inkluderte både leiatar og medarbeidarar for å sikre forankring og god forståing av dei utfordringane som vi står overfor. Prosessen var delt i tre steg: situasjonsforståing, strategiutforming, og forankring og gjennomføring.

Måla som Stortinget og regjeringa set for petroleumsverksemda gir rammene for aktivitetten på sokkelen. Strategiprosessen skal hjelpe oss til å operasjonalisere og prioritere arbeidet vårt slik at vi bidreg til å nå dei måla som er sette av overordna styresmakt på ein effektiv måte.



Gode kollegaer i Sokkeldirektoratet (Foto: Studio Hjelm)

Ressursbruk



Figur 1: Estimert ressursbruk fordelt på delmål 2022-2024 (del av total)

Figur 1 viser eit anslag på bruk av ressursane fordelt på dei ulike delmåla. Kvart delmål består av tre til åtte definerte aktivitetar. Figuren syner at aktivitetar knytt til petroleumsverksemd står for 80 prosent av ressursbruken, og delmålet samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning står for halvparten av dette.

Endringar i ressursbruk har dels samanheng med eit endra aktivitetsbilete på norsk sokkel. Medan ressursbruken i 2023 mellom anna reflekterte at det vart arbeidd med mange søknader knytte til utbyggingar av funn, var det liten aktivitet knytt til dette i 2024. Den relative fordelinga av ressursar mellom delmåla er også knytt til endring og omformuleringar av dei underliggjande aktivitetane som utgjer delmålet.


Ressursbruken til kategorien «andre oppgåver» har også auka. Dette reflekterer nye oppgåver som er definerte under dette delmålet i 2024. I 2023 omfatta dette tilsyn med kvantumsmåling for å fastleggje skatte- og avgiftsnivå, og dessutan grunnundersøkingar for havvindområdene. For 2024 omfattar dette delmålet bistand til ED i samband med spørsmål knytte til klimagassutslepp frå sektoren, system for bruk og prioritering av ressursar i direktoratet, og dessutan jobbe med å vidareutvikle direktoratet i eit fleirårig perspektiv for å digitalisere og utnytte ressursane effektivt. Ressursanslaget er basert på medlemskap i lag eller anna organisatorisk eining.

Nøkkeltal for Sokkeldirektoratet

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Fast tilsette per 31.12.	219	224	221	216	197	192	195
Avtalte årsverk	221,5	215,2	216,0	215,0	203,0	189,0	193,0
Utførte årsverk	204,6	199,9	200,4	197,4	187,8	177,9	178,6
Driftsutgifter per utført årsverk	1 514 132	1 593 065	1 570 026	1 564 249	1 776 298	1 917 711	1 982 361
Lønnsutgifter per utført årsverk	1 095 021	1 145 063	1 143 642	1 162 843	1 232 883	1 335 825	1 373 083
Lønnsdel av driftsutgifter	65 %	65 %	68 %	70 %	65 %	64 %	65 %
Konsulentdel av driftsutgifter	11 %	14 %	11 %	12 %	8 %	9 %	8 %
IKT-utgifter	34 239 623	44 339 310	41 194 242	35 982 542	47 101 912	45 772 376	47 011 586
IKT-utgifter per utført årsverk	167 341	221 796	205 581	182 245	250 822	257 264	263 267
Reiser og diett per utført årsverk	90 409	89 973	20 312	12 221	44 312	64 317	69 389
Totalt areal per utført årsverk (kvm)	85,4	87,4	87,2	88,5	93,1	98,3	97,9
Areal ekskl. spesi-alformål per utført årsverk (kvm)	48,2	49,4	49,3	50,0	52,6	55,5	55,3
Utgifter til lokale per kvm	2 064	2 153	2 254	2 299	2 318	2 427	2 420
Utgifter til lokale per utført årsverk	176 300	188 307	196 634	203 567	215 792	238 480	236 949
Sjukefråvær totalt	3,3 %	3,3 %	3,2 %	4,1 %	5,4 %	4,9 %	4,5 %
Sjukefråvær kvinner	4,0 %	4,6 %	3,4 %	6,7 %	7,6 %	7,0 %	7,2 %
Sjukefråvær menn	2,3 %	2,4 %	3,0 %	1,7 %	3,4 %	3,4 %	4,6 %
Gjennom-strøyming	6,4 %	5,8 %	4,5 %	5,0 %	11,1 %	11,2 %	8,1 %

Fråtredingar og tiltredingar

16 fast tilsette slutta i 2024, noko som gir ei total gjennomstrøyming på om lag 8 prosent. Dette er fordelt jamt mellom pensjoneringar og andre oppseiingar med rundt 4 prosent på kvar. Gjenomstrøyminga er lågare enn i fjor, men framleis høgare enn det som har vore historisk normal i direktoratet. Nedgangen kjem av at færre sluttar for å byrje hos andre arbeidsgivarar. I 2024 hadde direktoratet 17 tiltredingar.





Figur 2: Fråtredingar og tiltredingar 2015-2024

Fakta og prognosar for petroleumsverksemda

Sokkeldirektoratet har oversikt over ressurspotensialet på sokkelen. Kvart år utarbeider vi ein ressursrekneskap som inkluderer ressursar som er produserte og selde, ressursar som er planlagde å produsere, og eit estimat for uoppdaga ressursar.


Totalt 8,7 milliardar standard kubikkmeter (Sm^3) oljeekvivalentar¹ (o.e.) er selt og levert sidan produksjonen starta på norsk sokkel, sjå figur 3. Vi anslår at det er 6,9 milliardar Sm^3 o.e. gjenverande ressursar. Av dette er 3,4 milliardar Sm^3 o.e., eller 49 prosent, påviste ressursar. Estimatet for ressursar som ikkje er påviste er på 3,5 milliardar Sm^3 o.e.



Figur 3: Petroleumressursar og uvisse i estimata per 31.12.2024



Figur 4 viser at den totale petroleumsproduksjonen har vore stabil sidan 2020. Dei seinaste åra er fleire felte sett i produksjon, og tiltak for auka utvinning frå eksisterande felt er gjennomført. Særleg Johan Sverdrup har levert høg produksjon. Auken i 2024 kjem i hovudsak av produksjon frå Troll. Totalproduksjonen er venta å halde seg på omtrent same nivå i nokre år, før han minkar frå 2027 – sjå figur 4.

Frå første produksjonsår i 1971 er det produsert og selt i underkant av 56 prosent av forventa utvinnbare ressursar i petroleumsførekomstar på norsk sokkel. Dette tilseier at det også i mange år framover er potensial for eit høgt aktivitetsnivå på sokkelen.




Johan Sverdrup (Foto: Lizette Bertelsen/Jonny Engelsvoll, Equinor)

¹Oljeekvivalentar er ei felles eining som blir nytta for både olje og gass.



²MJ = megajoule.




Figur 6: Talet på aktive utvinningsløyve per år fordelt på ulike fasar


Aktiviteten på sokkelen har auka mykje dei siste 20 åra. Figur 6 viser talet på utvinningsløyve per år i ulike fasar. Dette er eit resultat av tildelingar i dei ulike konsesjonsrundane. Sokkeldirektoratet følgjer opp alle utvinningsløyve, frå dei blir tildelte, gjennom leiting, funn, utbygging og produksjon. Det har vore ein liten nedgang i talet på aktive utvinningsløyve sidan 2019, men talet er framleis høgt, og auka noko frå 2023 til 2024.

Ved årsskiftet 2024-2025 var det 94 felt i produksjon på sokkelen. Som det går fram av Figur 7, har det vorte stadig fleire produserande felt.

Målet til Sokkeldirektoratet er å bidra til at det blir skapt størst mogleg verdiar for samfunnet frå petroleumsverksemda, derfor er det avgjerande at vi har kompetanse og kapasitet til å følge opp arbeidet til selskapa med utvinning frå felta.



Figur 7: Talet på felt i produksjon ved utgangen av året



Figur 8: Godkjende planar for utbygging og drift (PUD) per år

Figur 8 viser talet på godkjende planar for utbygging og drift (PUD) per år. Fram mot innlevering av ein PUD legg direktoratet ned eit stort arbeid og har tett dialog med rettshavarane. Dette arbeidet er beskrive nærmare i kapittelet *Delmål: Arbeid for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift*.

Vi vurderer også alle innleverte PUD-ar før dei blir godkjende av styresmaktene. Talet varierer mykje frå år til år. Det høge talet godkjende PUD-ar i 2023 har samanheng med dei mellombelse endringane i petroleumsskatten som blei innført i 2020. Mange av prosjekta som fell inn under dei mellombelse skatteendringane leverte plan for utbygging og drift heilt i slutten av 2022, og blei behandla av direktoratet i 2023.



Del III Aktivitetar og resultat

I denne delen av årsrapporten blir det rapportert på Sokkeldirektoratets arbeid innanfor dei ulike delmåla og særskilt prioriterte oppgåvene frå tildelingsbrevet for 2024.

Hovudmålet til direktoratet er å bidra til størst moglege verdiar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning, der det blir teke omsyn til helse, miljø, tryggleik og til andre brukarar av havet.

For å oppnå hovudmålet har direktoratet i 2024 arbeidd med ulike aktivitetar og oppgåver som var kategoriserte under desse delmåla i tildelingsbrevet:

- Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang
- Arbeid for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift
- Effektivt innhente, forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data, analysar og kunnskap om norsk kontinentalsokkel
- Legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen
- Legge til rette for sikker lagring av CO₂

I tillegg til delmåla var desse særskilt prioriterte oppgåvene sette opp for 2024 i tildelingsbrevet:

- Føre vidare arbeidet med systematisk oppfølging av aktiviteten i utvinningsløyva, under dette identifisere konkrete saker som vil bli følt opp av direktoratet i samråd med departementet.
- Utarbeide eit oppdatert fagleg grunnlag om potensialet for utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda og tilhøyrande moglege konsekvensar for ressursforvaltninga.
- Føre vidare arbeidet med å oppgradere og vidareutvikle IKT-systema i direktoratet, under dette prioritere arbeidet med digitaliseringsprogrammet «Sokkelbiblioteket 2026» og digitalisering av arbeidsprosessar.

Nedanfor følgjer nærmare omtale av arbeidet til direktoratet innanfor dei ulike delmåla og særskilt prioriterte oppgåvene i 2024.

Særskilte prioriteringar

Føre vidare arbeidet med systematisk oppfølging av aktiviteten i utvinningsløyva, under dette identifisere konkrete saker som vil bli følt opp av direktoratet i samråd med departementet.

Det systematiske arbeidet med oppfølging av aktivitetar i utvinningsløyva blei vidareført i 2024. I løpet av året blei det avhalde tre møte mellom departementet og direktoratet. I starten av året blei målsettingane for Sokkeldirektoratets pådriv presenterte i tillegg til tematikk for årets dagsorden for forbetring. Prioriteringane er baserte på saker og tema der pådrivet til ressursstyresmaktene vil utgjere størst forskjell. Dette blei følt opp i dei neste møta og dessutan i møte med industrien som både Sokkeldirektoratet og Energidepartementet gjennomførte. Ved slutten av året blei måloppnåinga gått gjennom i tillegg til moglege tema for samarbeidet i 2025.

Utarbeide eit oppdatert fagleg grunnlag om potensialet for utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda og tilhøyrande moglege konsekvensar for ressursforvaltninga.

Sokkeldirektoratet har utarbeidd ei oversikt over utsleppa på sokkelen og dessutan rettshavarane sine planar om å redusere utslepp. Å forsyne felta med kraft frå straumnettet er det viktigaste enkelttiltaket for å oppnå store utsleppsreduksjonar på felt i drift. Det er fleire felt der det i dag ikkje ligg føre planar om utsleppsreduserande tiltak. Ofte kjem dette av høge kostnader i kombinasjon med relativt kort gjenverande levetid.

I rapporten blir det drøfta korleis målet om å redusere utslepp kan få noko å seie for ressursforvaltninga. CO₂-kostnadene utgjer i dag ein stor del av eit felt sine driftskostnader. Dette betrar isolert sett lønnsemda av utsleppsreduserande tiltak. Samtidig kan auka kostnader påverke ressursforvaltninga til dømes ved å medføre tidlegare nedstenging av felt og påverke val av utbyggingsløysing og utvinningsstrategi.



Gjengen bak forbetringane i TFO-arbeidet. (Foto: Signe Vaula)

Føre vidare arbeidet med å oppgradere og vidareutvikle IKT-systema i direktoratet, under dette prioritere arbeidet med digitaliseringsprogrammet «Sokkelbiblioteket 2026» og digitalisering av arbeidsprosesser.

Sokkeldirektoratet jobbar med å erstatte utdaterte løysingar og oppgradere eksisterande system. Parallelt jobbar vi kontinuerleg med å sikre drift og leveransar i samsvar med hovudstruksen vår. Arbeidet skal støtte opp om mål om god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping, under dette å ta i bruk digitale løysingar.

Vi er i gang med å digitalisere manuelle prosessar for å redusere tidsbruk og auke nøyaktigheita i databehandling medan vi sikrar konsistens i rapportering gjennom dei eksisterande kvalitets-sikringsrutinane våre.

Arbeidet med utvikling av ny digital arkitektur gjer effektiv datautveksling og forbetra funksjonalitet mogleg. Dette arbeidet er godt etablert internt og i samarbeid med operatørar på norsk sokkel. Målet er mellom anna å tilrettelegge for automatiserte løysingar for innsamling, bearbeiding og

kvalitetssikring av data, som i RNB³-prosjektet, i samband med TFO⁴-søknadar og i Sokkelbiblioteket 2026.

Gjennom målretta tiltak i eit fleirårig perspektiv vil Sokkeldirektoratet vidare kunne redusere teknisk gjeld, forbetre datakvalitet, digitalisere arbeidsprosesser og fremje meir effektivt samarbeid internt og eksternt. Dette vil bidra til auka effektivitet, betre ressursforvaltning og større verdiskaping frå norsk kontinentalsokkel.

Ny digital løysing for RNB-data

Det største digitaliseringsprosjektet til Sokkeldirektoratet introduserer ei ny løysing for rapportering av RNB-data. Den forenklar innsendinga for operatørar. Vi har også gjort store framsteg i bearbeiding av RNB-datasettet. Internt har vi utvikla betre visualisering av nøkkeltal til bruk i analyse og prioritering.

Ved å forbetre datanøyaktigheit og tilgjengelegheit støttar prosjektet effektiv avgjerdstaking og overhalding av regelverk. Dessutan bidrar vi til vi til den nasjonale forpliktinga til å utnytte digitale verktøy for betre yting i offentleg sektor.

³RNB = revidert nasjonalbudsjett.

⁴TFO = tildeling i forhåndsdefinerte område.

Delmål: Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang

Ha god oversikt over petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel og gjennomføre eige arbeid for å innhente og behandle data, under dette data fra næringa.

Sokkeldirektoratet oppdaterer jamleg estimata for uoppdaga ressursar, både i opne område og i område som ikkje er opna for petroleumsverksamhet. Det er framleis betydeleg potensial for uoppdaga ressursar på norsk sokkel i alle havområde. Forventningsverdien av dei totale uoppdaga ressursane er estimerte til å vere 3,8 milliardar standard kubikkmeter utvinnbare oljeekvivalenter. Sokkeldirektoratet er opptatt av å synleggjere desse ressursane, mellom anna gjennom publisering i Ressursrapporten 2024, rapporten for ressursrekneskapen, og på diverse konferansar og presentasjonar.



23. og 24. oktober arrangerte Sokkeldirektoratet eit seminar om leiting i Barentshavet, med meir enn 150 påmeldte frå mellom anna leverandørar, akademia, Sokkeldirektoratet og Energidepartementet. (Foto: Sokkeldirektoratet.)

Barentshavet har størst potensial for uoppdaga ressursar, og det er også her uvissa er størst. Det trengst meir utforsking og leiting for å avklare dette potensialet. Sokkeldirektoratet heldt i oktober eit seminar om leiting i Barentshavet. Formålet med arrangementet var å belyse utfordringar og moglegheiter knytte til leiting i Barentshavet og stimulere til auka leiteaktivitet i området. Over 150 personar deltok på seminaret.

Bidra til at aktørane innanfor sektoren arbeider aktivt for at tildelt areal blir utforska tidsriktig og effektivt.

I 2024 var leiteaktiviteten høgare enn i 2023. 42 leitebrønnar blei avslutta, og det blei gjort 16 nye funn på norsk sokkel. Funna har eit førebels samla estimat på 38 millionar Sm³ utvinnbare oljeekvivalenter (tilsvarende 251,6 millionar fat o.e.). Dette gir ein ressurstilvekst som er noko lågare enn i 2023. Det blei funne om lag like mykje gass som væske. Dei fleste funna er små, men fleire av dei blir vurderte for utbygging inn mot eksisterande felt.

Gi faglege råd til departementet ved vurdering av petroleumsressursane og konsesjonsrundar og bidra til oppfølging av leiteaktiviteten i tildelte utvinningsløyve for å bidra til effektiv utforskning av tildelt areal.

Sokkeldirektoratet gjennomførte geologiske, tekniske og økonomiske vurderingar av alle søknadane til TFO 2024. Dette danna grunnlag for forslag til nye utvinningsløyve med tilhøyrande arbeidsforpliktingar.

20 selskap fekk i januar 2025 tilbod om andelar i totalt 53 utvinningsløyve gjennom TFO-ordninga. Av dei 53 utvinningsløyva er 33 i Nordsjøen, 19 i Norskehavet og 1 i Barentshavet. 20 av utvinningsløyva er tilleggsareal til eksisterande utvinningsløyve. Dette viser at selskapa framleis har stor tru på at det er meir å finne i område med kjend geologi og i nærleiken av eksisterande infrastruktur.

Å utnytte ledig kapasitet i eksisterande infrastruktur for olje og gass er viktig for den vidare verdiskapinga på sokkelen. Då er det nødvendig at selskapa aktivt leitar etter og finn ressursane som er i nærleiken av infrastrukturen. Sokkeldirektoratet har foreslått utviding av TFO-arealet i 2025 basert på kriterium gitt i Meld. St. 28 (2010-2011) *Ei næring for framtida – om petroleumsverksamda*, og eit forslag til utviding vart lagt ut på høyring.

Bidra til at areala på norsk kontinentsokkel blir forvalta slik at den samla verdiskapinga blir høg, og at det blir sikra god sameksistens mellom etablerte og nye næringar som gjer bruk av havet.

Sokkeldirektoratet er med i ei direktoratsgruppe under leiing av Noregs vassdrags- og energidirektorat som har i oppdrag å greie ut område for mogleg utbygging av havvind. Gruppa skal mellom anna foreslå område der det ligg til rette for god sameksistens og samhandling mellom næringar. Sokkeldirektoratet bidreg i den samanhengen med kunnskap om petroleumsnæringa og om sameksistens mellom havvind- og petroleumsaktivitet.

Utfordre gjeldande teoriar og kunnskap som ligg til grunn for rådande tenking om dei prosessane og elementa som må til for å få danna ein petroleumsakkumulasjon. På denne måten skal Sokkeldirektoratet sikre best mogleg kunnskap om ressursgrunnlaget på norsk kontinentsokkel.

Sokkeldirektoratet er oppteke av at forståinga av og kunnskapen om danninga av petroleumsressursar på sokkelen stadig blir utfordra og utvikla. Dette skjer gjennom næringa og styresmaktene sin vilje og evne til å investere i ny kunnskap og nye data, og dessutan sjå på eldre data med oppdatert kunnskap og nye idear. Sokkeldirektoratet følgjer opp ved å etterspørje denne typen aktivitar, og dessutan kommunisere behov for ein diversifisert leiteportefølje. Direktoratet utfører også eige arbeid, presenterer resultat av dette, og har samarbeid med andre land sine styresmakter og med akademia.

Kunnskapsinnhenting

I 2024 deltok vi på tre vitskaplege forskingsekspedisjonar i samarbeid med akademia. Den første vart gjennomført i april under leiing av Universitetet i Bergen sør i Nordsjøen med forskingsskipet G.O. Sars. Målet var å dokumentere naturlege olje- og gassutsivningar for å få ny kunnskap om kjeldebergartar og migrasjon av hydrokarbon i eit område med lite fokus frå petroleumsindustrien.

I mai deltok vi på ein ekspedisjon med UiT Noregs arktiske universitet til den vestlegaste delen av Barentshavet med forskingsskipet Kronprins Haakon og ein ROV (fjernstyrt undervassfarkost). Målet var å ta prøvar av naturlege gassutsivningar, inkludert mudder-vulkanen Borealis som vart oppdagd i 2023, og undersøke store haugar på havbotnen som kunne vere nye muddervulkanar. Totalt oppdagd vi ti nye muddervulkanar.

I juli deltok vi på ein tredje ekspedisjon med UiT til Vøringsplatået i Norskehavet med forskingsskipet Helmer Hanssen. Målet var å samle inn nye høgopplauslege seismiske linjer og undersøke naturlege gassutsivningar.

Prøvene frå vestlegaste Barentshavet gav ny informasjon om ein mogleg ung kjeldebergart under Bjørnøyvifta, som kan ha noko å seie for prospektivitet i området. Ei 2D-bassengmodellering viser at denne kjeldebergarten, om han er til stades, er i oljevindaugen og genererer olje i dag. Observasjonar av naturlege oljeflak på havflata over Bjørnøyvifta støtter dette resultatet. Denne unge kjeldebergarten er sannsynlegvis regionalt til stades i store delar av Norske-Grønlandshavet og kan vere moden der han er djupt nok gravlagd.



I 2024 vart det gjort nye undersøkingar ved muddervulkanen Borealis som Sokkeldirektoratet var med på å oppdage i vestlege Barentshavet i 2023. Dette var den andre muddervulkanen som nokon gong er oppdagd i norske farvatn. UiT Noregs arktiske universitet har no publisert ein vitskapleg forskingsartikkel om denne oppdaginga (<https://www.nature.com/articles/s41467-024-55712-x>). (ROV foto: AKMA3 / UiT Noregs arktiske universitet).

Delmål: Arbeide for samfunns-økonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift

Vere pådrivar for å sikre at mogleigheter for langsiktig verdiskaping blir vurdert innan leiting, utbygging og drift på norsk kontinentsokkel.

Ved utgangen av 2024 var det over 520 aktive utvinningsløyve på norsk sokkel, forvalta av 26 rettshavarar i ulike samansetningar. Direktoratet følgjer opp verksemda gjennom heile livsløpet for utvinningsløyvet for å sikre langsiktig verdiskaping. Dette inkluderer etterspurnad etter planar, alternative løysingar og avgjerder, og dessutan oppfølging av at planar blir følgde og nye planar initierte ved behov. Direktoratet bidreg til at dei beste løysingane for samfunnet blir valde, og vi utfører også eige arbeid som kartleggingar, simulatingsstudiar og områdestudiar. Behandling og oppfølging av søknadar gjer at mogleigheter for langsiktig verdiskaping blir vurderte innanfor leiting, utbygging, drift og avslutning på norsk sokkel.

Eit døme på dette er pådriv for leiting i lite utforska område på norsk sokkel. Dei siste åra har selskapet fokusert på leiting nær eksisterande infrastruktur, noko som gir god lønnsemd på kort sikt. For å realisere heile verdipotensialet på norsk sokkel, trengst det likevel meir leiting i område med lite utbygd infrastruktur, som i Barentshavet.

Barentshavet

Barentshavet er ein petroleumsprovins som ligg skilt frå resten av norsk sokkel. Utviklinga av påviste ressursar er sterkt avhengig av at det blir utvikla meir infrastruktur i dette området. Meir infrastruktur vil sannsynlegvis også ha ein positiv innverknad på leiteaktivitetene. Analysar viser at det kan vere store uoppdaga ressursar i Barentshavet, og sannsynlegvis meir gass enn olje. Sokkeldirektoratet har jobba målretta med å utvikle infrastrukturen i Barentshavet. Fokuset vårt er at alle lønnsame ressursar skal byggjast ut. Når det blir etablert ny infrastruktur, bør denne ha fleksibilitet til å kunne vareta andre funn, påviste eller framtidige, i området der ei ny innretning blir plassert.

Hammerfest LNG produserer på maksimal kapasitet, og er fullbooka med produksjon frå Snøhvit-feltet fram til om lag 2040.

Samtidig er det andre felt og funn som har behov for avsetjing av gass. Sokkeldirektoratet vil derfor også jobbe for at rettshavarar samarbeider om å finne gode løysingar som varetek utbygging av oppstraums infrastruktur, og samtidig modnar fram ulike alternativ for å auke eksportkapasiteten frå Barentshavet. Dette arbeidet skjer i tett samarbeid med Gassco.

7324/8-1 (Wisting)

Wisting er eit oljefunn som vart påvist i 2013 og er planlagd utbygd med ei sjølvstendig løysing på grunn av avstand til eksisterande infrastruktur. Wisting er strategisk viktig for utvikling av infrastruktur i Barentshavet, og Sokkeldirektoratet har fokusert på fleksibilitet for å vareta eigne oppsider og framtidige tilleggsressursar, inkludert ulike gassavsetningsløysingar. Wisting er eit grunt reservoar, og tiltak for trygg vassinjeksjon og god overvakning av reservoaret og kappebergarten er viktige.

Sokkeldirektoratet gjennomførte i 2024 ein pilot for å vurdere innsatsen til rettshavarane knytt til lønnsame tiltak som aukar verdiskapinga på lang sikt. Dette inkluderte deltaking i LRP-prosessen og revisjon av retningslinjene for innhald i årleg statusrapport. Det vil på sikt kunne gi ei betre oversikt over utvikling og effekt av mål og tiltak beskrive i LRP.

Kva er ein LRP?

Alle utvinningsløyve har ein "Avtale for petroleumsverksem" som krev ein langtidsplan (Long Range Plan, LRP) som beskriv langsiktige ambisjonar, mål og hovudaktivitetar for å nå desse ambisjonane.

Direktoratet legg stor vekt på områdevurderingar ved planlegging av nye utbyggingsprosjekt, og sikrar at rettshavarane innarbeider relevante løysingar for god ressursutnytting. Avgjerder om ny infrastruktur set rammer for ressursutvikling i området, og rettshavarane må vise at vald løysing gir mest verdi. Områdestategien er viktig for langsiktig og god ressursforvaltning. Lønnsemdsanalysane til Sokkeldirektoratet er baserte på

samfunnsøkonomisk verdi, med lågare avkastningskrav enn næringa, noko som fremjar langtidsperspektiv.

Langsiktig verdiskaping ligg også til grunn for tilrådingar til Energidepartementet om vilkår ved forlenging av lisensperioden. Dette bidreg til auka verdiskaping for samfunnet på lang sikt.

Direktoratet er alltid på utkikk etter erfaringar og kunnskap som kan delast for å skape auka verdiar. Direktoratet har eigne arrangement og bidreg på fleire arenaer for kunnskapsdeling, som Force, eit samarbeidsforum for olje- og gasselskap og styresmakter i Noreg. Force arbeider for framtidig verdiskaping gjennom kunnskapsdeling innan berekraftig utvinning, forbetra leiting, energieffektivitet og miljø. I 2024 blei det arrangert 24 arrangement under Force.

Sokkeldirektoratet oppmodar aktørane på norsk sokkel til samarbeid og kunnskapsdeling på tvers av utvinningsløyve og selskap, inkludert spesifikke teknologiar, metodar og potensial for samordning. Dette er beskrive under *"Særleg følgje opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av tidskritiske ressursar"* og *"Vere ein pådrivar for utvikling og bruk av ny teknologi, under dette digitalisering, i alle delar av verdikjeda med mål om god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping"*.



Boreoperasjon på norsk sokkel. (Foto: Equinor)

Bidra til at aktørane innanfor sektoren som har ansvar for leiting, utbygging, drift og disponering, arbeider aktivt for at tildelt areal blir utforska tidsriktig og effektivt, at funn blir bygd ut og at tiltak for å auke utvinninga frå felt i drift blir identifiserte og gjennomførte.

Etter tildeling er eit utvinningsløyve gyldig for ein initiell periode (leiteperiode) på fire til åtte år, med eit forpliktande arbeidsprogram i fleire fasar. Direktoratet hjelper departementet med tilrådingar til arbeidsprogram ved tildelingar av nye utvinningsløyve. Fristane i arbeidsprogrammet sikrar

framdrift. I første fase kan arbeidsprogrammet vere å skaffe ny seismikk, og neste fase kan vere å bore ein leitebrønn.

Direktoratet følgjer opp arbeidsforpliktingar og fristar for å sikre at rettshavarane følgjer regelverket. Søknadar og rapportering er nedfelt i konvensjonsdokumentet for kvart løyve. Direktoratet sikrar at krava om rapportering og informasjon til styresmaktene blir etterkomne. Vidare gir direktoratet løyve til leiteboring og følgjer opp boreoperasjonane med fokus på datainnsamling og rapportering. Ved avslutta boring sender direktoratet ut nyhetsmelding om resultatet. Etter kvar fase i arbeidsprogrammet må rettshavarane avgjere om dei vil føre vidare løyvet til neste fase, så framt arbeidsforpliktinga er godkjent som gjennomført.

Arealavgift

Arealavgifta gir eit insentiv til å modne fram funn til utbygging og produksjon. Avgifta blir betalt årleg for kvar kvadratkilometer av området som blir omfatta av eit utvinningsløyve. Den blir ikkje betalt for område med aktiv leiteverksemeld eller produksjon. I den initiale perioden blir det ikkje betalt avgift. Selskapa kan søkje om fritak frå betaling ved innlevering av plan for utbygging og drift (PUD), boring av undersøkingsbrønn ut over arbeidsprogrammet, mangel på infrastruktur, eller omfattande arbeid i eit utvinningsløyve.

Ved utgangen av 2024 var det 78 funn på norsk sokkel som ikkje var utbygde, med eit samla utvinnbart volum på 472 millionar Sm³ o.e. I tillegg er mange prosjekt under utvikling på felt i drift.

Direktoratet ventar at rettshavarane arbeider aktivt for å utvikle ressursar i funn og felt. Alle moglegheiter for lønnsam utvikling skal vurderast. I dialog med rettshavarane stiller direktoratet forventningar og etterspør tiltak. For å utfordre selskapa, er det viktig at direktoratet har god kunnskap om førekomstane og teknologi som kan maksimere lønnsemd og utvinning. Direktoratet har kontakt med forskingsmiljø, leverandørar og rettshavarar for å oppnå dette.

Direktoratet følgjer med på framdrifta og utfordrar rettshavarane, særleg på funn med tidskritiske ressursar og prosjekt der det skal takast viktige avgjerder fram mot PUD. I 2024 har direktoratet vurdert og gitt tilbakemelding til 22 prosjekt i

planleggingsfasen som passerte milepælene BOK (beslutning/avgjerd om konkretisering) eller BOV (beslutning/avgjerd om vidareføring). Direktoratet har utfordra rettshavarane i alle prosjekt med omsyn til prosjektmodning fram mot innlevering av PUD, og mint om viktigheten av eit gjennomarbeidd avgjerdssgrunnlag og gode planar for prosjektjennomføring. Kommentarane og innspela direktoratet hadde til BOK og BOV blir varetekne i utforminga av PUD, og bidreg til å sikre at ressurs- og verdioppsider og samordningsgevinstar blir innarbeidde i planane.

Direktoratet er oppteke av auka utvinning og tiltak for å oppnå dette. Vi forventar at rettshavarane evaluerer og gjennomfører prosjekt for auka utvinning om det gir verdi, og at framdrifta i eksisterande prosjekt blir følgt tett. I kapittelet "*Særleg følgje opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av tidskritiske ressursar*" blir beskrive meir av arbeida til direktoratet med auka utvinning.

Særleg følgje opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av tidskritiske ressursar.

Arbeidet med å sikre høgast mogleg utvinning frå eit felt startar allereie i planleggingsfasen av ei utbygging. Etter kvart som data blir samla inn og forståinga av eigenskapane til reservoaret aukar gjennom produksjonsfasen, kan nye eller oppdatterte tiltak for auka utvinning innførast. Direktoratet er derfor oppteke av auka utvinning i alle fasar av arbeidet med å følgje opp utvinningsløyve.

Det kan vere samfunnsøkonomisk lønnsamt med ei samordna utvikling av éin eller fleire førekomstar. Rettshavarane pliktar å søkje ei samordning når ein petroleumsførekomst strekkjer seg over fleire blokker, eller når det er openbart rasjonelt med ei samordna verksemd. Den faglege kunniskapen til direktoratet om norsk sokkel gjer oss i stand til å utfordre rettshavarane når det gjeld effektive områdeløysingar. Vi gjer også eigne studiar og vurderingar i område der det kan vere potensial for samordningsgevinstar.

Områdeløysingar

Sokkeldirektoratet har oppdatert kriseberedskapsplanen sin med tydelegare struktur, organi-

sering og oppgåver for ekstraordinære situasjoner. Strukturen til kriseplanverket set ramma for andre operative beredskapsplanverk, eksempelvis IT. Vi har identifisert behov for å utvikle ein heilskapleg struktur i beredskapsorganisasjonen. Vi har ikkje registrert alvorlege hendingar som har ført til etablering av krisestab.

Det er blitt gjennomført øvingar med bakgrunn i trusselbiletet. Sokkeldirektoratet har gjennomført tre beredskapsøvingar, og ei av desse handla om hybride truslar i regi av Statsforvaltaren. Formålet var å auke forståinga for samansette verkemiddel. I tillegg har vi hatt to interne øvingar der formålet var å styrke evna beredskapsorganisasjonen hadde til å oppdage, rapportere og handtere hendingar. Det blir arbeidd vidare med kontinuerleg forbetring i etterkant av øvingane.

Forsyningssberedskap

Sokkeldirektoratet har ansvar for å handtere varslinger og rapporteringar av hendingar ved utslepp, store skadar og andre forhold som medfører stenging/reduksjon av utvinninga, eller som påverkar gjennomføring av aktivitetar på sokkelen. Statistiken viser 23 prosent auke i talet på hendingar frå 2023 til 2024. Det er spesielt rapportert om fleire hendingar relaterte til prosess, utslepp til sjø, kompressorsvikt og planlagt vedlikehald.

Direktoratet har saman med Havindustritilsynet (Havtil) dialog med Gassco knytt til den geopolitiske situasjonen og hendingar på sokkelen. Direktoratet har gjennomført kontaktmøte med Havtil om forsyningssberedskap, og vi har delteke på fleire møte, utgreningar og eksterne førespurnader knytte til maritim tryggleik. Som ein del av dette har vi delteke på tre arbeidsøkter i regi av Maritimt tryggingsnettverk, og vi er deltagande i møte med kontaktgruppa til departementa for totalforsvaret.

Tryggleik

Risikobiletet er komplekst og krevjande. Direktoratet baserer det førebyggande tryggingsarbeidet på nasjonale trusselvurderingar, lovar og anerkjende standardar. Viktigheita av å verne data- og informasjonsverdiane til direktoratet har auka, og vi arbeider systematisk med å styrke tryggleiken.

Gjennomgangen til leiinga

Den årlege gjennomgangen til hovudleiinga evaluerer tryggingstiltak i styringssystemet for å sikre at desse er formålstenleg etablerte og verifisere forbettings- og utviklingsbehov. Formålet er å vurdere måloppnåing, styring og kontroll knytt til tryggleik på overordna nivå.

I løpet av 2024 har styringssystemet for informasjonstryggleik endra nemning til å heite styringssystemet for tryggleik. Styringssystemet varetak ei heilskapleg tryggingsstyring mellom personelltryggleik, cybertryggleik og fysisk sikring.

Styringsdokumentasjon (strategi og policy) skal reviderast slik at det er i tråd med eit breiare ansvarsområde og ny organisering av tryggleik. Prioriterte tiltak frå gjennomgangen til leiinga blir dokumenterte og følgt opp i ein handlingsplan. I 2024 blei det etablert eit årshjul for kvartalsvis rapportering til hovudleiinga av status på tryggingsarbeidet.

Internkontroll

Sokkeldirektoratet har ikkje tatt imot merknader frå Riksrevisjonen som krev oppfølgingstiltak, men vi følger opp tilrådingar frå andre evalueringar. Tryggleik er ein del av direktoratet sitt arbeidsprogram for internkontroll. Direktoratet fekk ekstern hjelp til å evaluere arbeidsflatene våre og informasjonshandtering, inklusiv informasjonstryggleik. Evalueringa viser at vi har etablert retningslinjer for sikker handtering av informasjon, men at denne i varierande grad blir etterlevd. Vi oppmodar kontinuerleg våre tilsette til sikker bruk av løysingar og sikker deling av informasjon.

Tryggingskultur

Direktoratet arbeider kontinuerleg med tryggingskultur og opplæring. Vi har i 2024 hatt søkelys på heilskapleg tryggleik, for å sjå samanheng mellom dei ulike sikringsdisiplinane. Dette blir speglar i tryggingsopplæringa. Under nasjonal tryggingsmånad hadde vi «Våre verdiar» som tema, der tematikken var god inngangskontroll, rapporteringskultur og digitale kampanjar. Det blir også sendt ut obligatoriske digitale e-læringskurs og kampanjar til alle tilsette og konsulentar. Direktoratet har gått over til eit nytt program for bevisstgjering innan digital tryggleik som sørger for kontinuitet gjennom året. Tryggingssamtalar

blir gjennomførte med tilsette og konsulentar. I tillegg har vi hatt temamøte, informasjonsdrypp på intranettet, tryggingslunsj og eksterne foredrag.

Direktoratet sitt arbeid med digital transformasjon krev auka tryggingskompetanse. Digitaliseringa bidreg til å gjere data tilgjengelege effektivt, samtidig som angrepsflata blir utvida i takt med at framveksande teknologi blir tatt i bruk. Interessa for data i energisektoren er høg, og olje- og gassnæringa er eit attraktivt mål for dataangrep. Behov for ressursar til å utføre risikovurderingar av tenester aukar i organisasjonen.

Direktoratet har utført fleire risikovurderingar for å kartlegge og handtere risikoforhold som kan ha negativ påverking på eksterne og interne IT-tenester. Det blir sett tryggingskrav til tenester som blir skaffa, samtidig som ei sikker og stabil drift blir halden oppe og ved like. Vi har engasjert ekstra ressursar til hjelpe i utføringa av risikovurderingar der den interne kapasiteten ikkje strekk til. Råd om sikker brukaråtferd blir stadig viktigare, særleg i takt med ny teknologi og innføring av Kl-verktøy. Vi har etablert retningslinjer for å bevisstgjere kvar enkelt tilsett om å vere varsam ved bruk av Kl-verktøy. Arbeidet med innføring av Kl-verktøy er starta, og sikker bruk blir tatt inn som ein del av opplæringsprogrammet.

Lærlingar

Som følge av kapasitetsutfordringar og mangel på eigna oppgåver tok vi ikkje inn nye lærlingar i 2024.

Vi har tilrettelagt for studentar i praksis og har nedfelt i retningslinjene våre at vi kan ta inn studentar for obligatorisk praksis ved masterutdanning. Ordninga gjeld for studentar frå norske utdanningsinstitusjonar der praksis er påkravd.

Bruk av konsulenttenester

Sokkeldirektoratet brukte om lag 60,3 mill. kroner på kjøp av konsulenttenester i 2024. Av dette gjekk om lag 52,8 mill. kroner til IT-konsulentar, under dette 22,8 mill. kroner til innleige av konsulentar som driftar IT-løysingar i samarbeid med direktoratet sine eigne tilsette. Annan bruk av IT-konsulentar gjeld innleige av spisskompetanse

til spesifikke prosjekt, under dette digitaliseringsprogrammet Sokkelbiblioteket 2026. Dei innleide konsulentane har kompetanse som det ikkje er formålstenleg for direktoratet å halde hos eigne tilsette.

Konsulenttype	Beløp (mill. kr)
IT-konsulentar, utvikling	30,0
IT-konsulentar, drift	22,8
Øvrige fagkonsulentar	4,7
HR-konsulentar	1,5
Design og grafiske tenester, infografikk og videoproduksjon osv.	1,3
Sum	60,3

Vidare blei det brukt om lag 4,7 mill. kroner på ulike konsulentar innanfor andre fagområde, hovudsakleg geologi. Dette gjeld hovudsakleg innleige i samband med spesifikke prosjekt som krev ein spisskompetanse som direktoratet ikkje har sjølv.

Om lag 1,5 mill. kroner er brukte på HR-relaterte konsulenttenester til mellom anna opplæring og organisasjonsprosjektet Sokkeldirektoratet 2025.

Rundt 1,3 mill. kroner blei brukte på design og grafiske tenester, infografikk og videoproduksjon, m.a. til ONS-konferansen og vidareutvikling av den grafiske profilen til direktoratet og visuell identitet.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

I 2024 oppdaterte vi «*Handlingsplan for miljøleiing i Sokkeldirektoratet*». Denne inneheld mellom anna ei beskriving av miljøleiingssystemet vårt, inkludert policy, tiltak og rapportering. Det er definert fire innsatsområde: transport, avfall, energi og innkjøp. Styringssystemet varetok mellom anna vurderingar av eigen energibruk, inkludert kva fleksibilitet vi har med tanke på bruk av energieffektive og fleksible løysingar.

Vi har vurdert at klimaendringar ikkje vil påverke vår evne til å gjennomføre oppgåvene våre i overskodleg framtid.



A photograph of an offshore oil and gas platform at dusk or dawn. The platform is illuminated by its own lights, showing various structures like towers, pipes, and cranes against a darkening sky. In the foreground, the back of a worker wearing a white hard hat and an orange high-visibility vest is visible. Overlaid on the image is the text "Del V Utsikter framover".

Del V Utsikter framover

Norsk sokkel er framleis rik på olje- og gassressursar som kan produserast med låge utslepp, og det gir grunnlag for at Norge kan halde fram som ein betydeleg energileverandør i lang tid. Dette vil kunne bidra til stor verdiskaping til samfunnet. Sokkelen har også potensiale til å bli eit CO₂-lager for industrien i Europa. På lengre sikt kan det bli mogleg å utvinne kritiske mineral frå havbotnen som kan bidra til å styrke nasjonale og regionale verdikjeder. Dette vil krevje god forvaltning av alle desse ressursane i sameksistens med andre næringar på havet.

Samfunnet rundt oss er prega av geopolitisk uro samstundes som det er ei gryande omstilling til energisystem med lågare utslepp av klimagassar. Det er likevel mykje som tyder på at den samla energibruken i verda er aukande, mellom anna vil den storstilte digital omstillinga som no er i gang i samfunnet krevje mykje energi. Ettersom produksjonen frå norsk sokkel etter kvart vil avta, er det difor lite som tyder på at norske ressursar vil bli avgrensa av marknadshøve. Norsk petroleumspolitikk ligg fast, og skal leggje til rette for utvikling av olje- og gassressursar i eit langsiktig perspektiv.

Sjølv om sokkelen er rik på olje- og gassressursar vil produksjonen avta i åra framover, og produksjonen vil kome frå stadig fleire, mindre og meir

komplekse førekomstar. Dei store felta vil etter kvart produsere mindre, og vil få høgare kostnader for kvar produsert eining. Samstundes skal utslepp frå produksjonen bli lågare. Desse føresetnadene vil stille større krav til operatørane, men vil også stille større krav til Sokkeldirektoratet.

God ressursforvaltning i åra framover vil krevje at næringa held fram med å utvikle ressursar i felt og funn på sokkelen. Det er framleis store ressursar som ikkje er utvikla på felta, og nærare 80 funn som ikkje er utvikla. Mange av desse funna innehold store ressursar, men har reservoar som er komplekse og der det er krevjande å få til lønnsame utbyggingar. Teknologi for tette reservoar er sentralt i Sokkeldirektoratet sin teknologistrategi. Direktoratet kjem til å arbeide aktivt for at næringa tar tak i desse problemstillingane.

For å unngå eit bratt produksjonfall etter 2030 blir det også svært viktig at leiteaktiviteten held fram på eit høgt nivå. Leiteaktiviteten er god i område rundt felt og infrastruktur. Men i mindre kjente område på sokkelen vert det ikkje leita nok i høve til det betydelege uoppdaga ressurspotensialet som er til stades på sokkelen etter direktoratet sine vurderingar. Analyser vi har gjort av leiteaktiviteten på norsk sokkel viser også at leiting er svært lønnsamt for fellesskapen.




Foto: Valhall (Aker BP)

Eit viktig bidrag til produksjonen framover kjem frå den kontinuerlege boringa av produksjonsbrønnar på felta. Data frå oljefelta på norsk sokkel viser at over halvparten av produksjonen i 2024 kom frå brønnar bora dei siste 5 åra. Dette viser kor viktig det er å halde boringa av produksjonsbrønnar på eit høgt nivå. Dei siste åra har talet på produksjonsbrønnar vore avtakande, noko som gir grunn til uro. Dette vil Sokkeldirektoratet følgje opp med næringa.

Etter at det har blitt tildelt ei rekke løyve etter lagringsforskrifta for å identifisere areal eigna for lagring av CO₂, er det venta at det i dei komande åra vil bli avgjort om desse skal vidareførast inn i neste fase, som er å realisere lagringsprosjekt. Det er avgjerande at næringa greier å etablere nye verdikjedar som gjer at dette kan realiserast på ein lønnsam måte.

I åra framover blir det også viktig å få avklart om utvinning av mineral frå havbotnen på norsk sokkel kan gjennomførast på ein berekraftig og forsvarleg måte. På lengre sikt vil dette kunne bli ei ny næring som kan bidra til å betre tryggleiken for at vi faktisk får tilgang til kritiske mineral.

Sokkeldirektoratet sin kunnskap og forvaltningskompetanse kan overførast til utvikling av nye næringar og ny aktivitet på sokkelen. Dette kan bidra til god sameksistens og forvaltning av areala med mål om høgast mogleg samla verdiskaping frå både petroleumsverksemda og andre næringar på norsk sokkel.

Den nye strategien til Sokkeldirektoratet tek utgangspunkt i hovudmålet som er vedtatt av Stortinget, og skal legge til rette for å vidareutvikle direktoratet til framleis å vere relevant og levere minst like godt å åra framover – i takt med endringar rundt oss.

Strategien legg mellom anna vekt på at vi skal bidra til å realisere alle samfunnsøkonomisk lønnsame ressursar, og at vi i dette arbeidet skal prioritere innsatsen der det betyr mest. Vi skal også ta ein tydeleg posisjon som forvaltar av dei nye næringane, og vi skal vidareutvikle og effektivisere forvaltninga av data på sokkelen. Dette siste inneber mellom anna å gjere tilgjengeleg

meir data. Vidare skal vi bli ein enda meir tydeleg og truverdig formidlar av fakta og analysar. Som grunnlag for alt dette skal vi vidareutvikle ein smidig og effektiv organisasjon.

Ein viktig føresetnad for å oppnå fleire av måla i løpet av dei neste åra er å lukkast med gjennomføringa av ei omfattande digital omstilling gjennom effektive arbeidsprosessar og nye måtar å arbeide på.

Etter sommaren har det vore gjennomført eit arbeid med å vurdere om direktoratet er organisert på ein måte som best kan realisere denne strategien. Dette arbeidet blei fullført i første kvartal av 2025, og Sokkeldirektoratet vil ha ein ny organisasjon frå 2. kvartal 2025.

Takten i den digitale omstillinga vil vere avhengig av både økonomiske og menneskelege ressursar. Direktoratet har tilsett mange nye godt kvalifisert medarbeidarar, og tilføring av økonomiske midlar har auka dei siste åra, noko som har vore viktig for å koma dit vi er i dag. Framover vil det vere av stor betydning å få på plass sektorfinansiering slik det er lagt opp til i statsbudsjettet for 2025.



Del VI
Årsrekneskap

Kommentar frå etatsleiar

Formål

Sokkeldirektoratet er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk kontinentalsokkel, og utøver forvalningsstyresmakt i samband med tildeling av areal, leiting etter og utvinning av petroleumsførekomstar. Direktoratet skal vidare bidra til forvaltninga av CO₂-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen og forvaltninga av mineralressursar på havbotnen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Energidepartementet i instruks om økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkjande bilet av Sokkeldirektoratets disponible løvingar, og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Revisjonsrapport frå Riksrevisjonen skal publiserast på Sokkeldirektoratets nettsider innan 1. mai og saman med årsrapporten. Dersom revisjonsrapporten ikkje ligg føre innan denne fristen, skal rapporten publiserast så snart han ligg føre.

Vurderingar av vesentlege forhold ved årsrekneskapen

Løyvingsrapportering

Sokkeldirektoratet har i 2024 disponert 553 027 000 kroner.

På kapittel 1810 post 01 *Driftsutgifter* vart det ein mindreutgift på 6 140 789 kroner. Dette har samanheng med forseinka lønnsoppgjer i staten og at kostnader for lønnsoppgjaret i 2024 dermed ikkje er teke med i rekneskapen i år. Gjenverande midlar blir søkte overført til 2025, jf. berekningar i note B.

På kapittel 1810 post 21 er det ein mindreutgift på 25 693 578 kroner. Dette kjem av mindreutgifter innanfor digitalisering, havvind og undersøkingar. Innanfor digitalisering er det noko lågare

framdrift enn planlagt som hovudsakleg kjem av kapasitetsutfordringer internt. Innanfor havvind er det behov for vidare bearbeiding og forvaltning av innsamla data. Innanfor undersøkingar er det fleire prosjekt som er påbyrja, men ikkje ferdigstilte i 2024. Gjenverande midlar blir søkte overført til 2025, jf. berekningar i note B.

På kapittel 1810 post 23 *Oppdrag- og samarbeidsverksemde* er det ei meirutgift på 807 544 kroner. Dette kjem av høgare aktivitet enn budsjettet. Alle utgifter på denne posten blir dekte av inntekter, men på grunn av faseforskyving mellom utgifter og tilhøyrande inntekt er det i rekneskapsåret 2024 ikkje ei tilsvarende meirinntekt.

Mellomverande med statskassa utgjorde ved årsslutt 50 088 203 kroner. Dette er ein auke på 12 086 549 kroner, og kjem i hovudsak av at innbetalte midlar til prosjekt i Diskos er utsette til 2025.

Artskontorrapportering

Driftsinntektene frå innbetaling av gebyr var på om lag same nivå som i 2023. Det har vore ein marginal reduksjon frå 23,6 mill. kroner i 2023 til 23,5 mill. kroner i 2024. Innbetalingar frå sal og leige auka frå 89,9 mill. kroner i 2023 til 116,9 mill. kroner i 2024. Dette kjem hovudsakleg av fakturering av 59,5 mill. kroner av utgiftena staten har til geofysiske undersøkingar av havbotnen. Dette har samanheng med konsesjonstildeling i samband med havvind. I tillegg vart det rekneskapsført litt mindre inntekter frå Diskos og Energi for utvikling.

Utbetalingar til drift vart reduserte frå 610,1 mill. kroner til 512,4 mill. kroner. Reduksjonen kan i all hovudsak knytast til at Sokkeldirektoratet i 2023 fekk ei ekstraordinær tildeling til grunnundersøkingar for havvind.

Utgiftene til investeringar er reduserte frå 5 mill. kroner til 3,7 mill. kroner, og kjem av mindre økonomisk handlingsrom til investeringar i tillegg til naturlege, mindre variasjonar i investeringsnivået frå år til år.

Innbetaling av arealavgift og CO₂-avgift auka marginalt frå 8,8 mrd. kroner i 2023 til 8,9 mrd. kroner i 2024.

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærmere retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmere føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

1. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
2. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
3. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
4. Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemndene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *Netto rapportert til løvingsrekneskapen* er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga i staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegne ne pkt. 3.7.1. Bruttabudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Løvingsrapporteringa

Oppstillinga av løvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto

(kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eidegar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post under ei anna verksemde (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmakter som er gitt er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastningsfullmakter som er gitt blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmaka og blir derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eidegar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artkontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løvings- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser nota til artskontorrapporteringa *Sammenheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa* bokførte tal frå kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen *Spesifisering av bokført avrekning med statskassa*. Nota viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på eideels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomværendet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegner om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disponi-

sisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegne punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegne punkt 4.4.3, er bokført. Føresegne krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokført i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.



Stavanger, 14. mars 2025

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Torgeir Stordal".

Torgeir Stordal
Direktør

Oppstilling av løyvingsrapportering med noter

Oppstilling av løyvingsrapportering 31.12.2024

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling **	Rekneskap 2024	Meirutgift og mindreutgift (-)
1800	Sokkeldirektoratet	01	Driftsutgifter	A,B	360 131 000	353 990 211	6 140 789
1810	Sokkeldirektoratet	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	125 396 000	99 702 413	25 693 587
1810	Sokkeldirektoratet	23	Oppdrags-og samarbeidsvirksomhet	A,B	57 500 000	58 307 544	-807 544
1540	Digitaliseringsdirektoratet	25	Medfinansiering for digitaliseringsprosjekter		0	4 056 148	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoføringsordningen		0	30 221 855	
Sum utgiftsført					543 027 000	546 278 171	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samla tildeling **	Rekneskap 2024	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
4810	Sokkeldirektoratet	01	Gebyrinntekter	26 500 000	23 527 415	-2 972 585
4810	Sokkeldirektoratet	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	57 500 000	57 313 690	-186 310
4810	Sokkeldirektoratet	03	Refusjoner av tilsynsutgifter	59 500 000	59 478 299	-21 701
4810	Sokkeldirektoratet	10	Refusjoner	300 000	66 471	-233 529
5507	Skatt og avgift på utvinning av petroleum	74	Arealavgift	1 300 000 000	1 179 889 725	-120 110 275
5508	Avgift på utslipps av CO2	70	CO2-avgift	7 700 000 000	7 694 702 786	-5 297 214
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	0	330 503	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift	0	31 177 535	
Sum inntektsført				9 143 800 000	9 046 486 424	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen					-8 500 208 253
Kapitalkontoer					
60081801	Norges Bank KK /innbetalinger				9 350 116 683
600811802	Norges Bank KK/utbetalinger				-837 821 881
718005	Endring i mellomværende med statskassen				-12 086 549
Sum rapportert					0

Behaldninger rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)				
Konto	Tekst	2024	2023	Endring
718005	Mellomværende med statskassen	50 088 203	38 001 654	12 086 549

** Samla tildeling skal ikke reduserast med eventuelle belastningsfullmakter som er gitt (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år for nærmere forklaring. Samla tildeling skal inkludere mottekne belastningsfullmakter eller mottekne betalingar etter rundskriv R-111 punkt 4, tilvisingar gjennom rundskriv eller bruk av felleskontoar.

Note A

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samla tildeling
1810 01	7 231 000	352 900 000	360 131 000
1810 21	38 296 000	87 100 000	125 396 000
1810 23	0	57 500 000	57 500 000

Note B

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikk-ord	Meirut-gift(-)/mindreut-gift	Utgifts-ført av andre i samsvar med belastningsfullmakter(-) som er gitt	Merut-gift(-)/mindreut-gift etter belastningsfullmakter som er gitt	Merinn-tekter / mindre-inntekter(-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løying	Innsparring(-)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjernet 2024 *	Maks. overførbart beløp **	Mogleg overførbart beløp berekna av verksmeda ***
1810 01		6 140 789		6 140 789				6 140 789	6 100 000	23 440 000	6 140 789
1810 21	"kan overførast"	25 693 587		25 693 587				25 693 587		278 976 000	25 693 587
1810 23	"kan overførast"	-807 544		-807 544	186 310			0		133 200 000	0

* Kolonnen viser lønnskompensasjon på kvar enkelt budsjettpost for lønnsoppgjernet 2024 slik det er foreslått i omgrupperingsproposisjonane frå departementa og slik desse kjem fram av vedlegg 4 i Prop. 36 S (2024-2025) Nysaldering av statsbudsjettet 2024. Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon.

** Maksimalt beløp som kan overførast er lønnskompensasjon pluss 5 pst. av årets løying på driftspostane 01-29, unntake post 24, trekt frå lønnskompensasjon, eller sum av dei siste to års løying for postar med stikkordet "kan overførast". For postar utan stikkordet "kan overførast", blir maksimalt overførbart beløp berekna slik: (Årets løying - lønnskompensasjon) * 5 pst. + lønnskompensasjon. Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyinger.

*** Mogleg overførbart beløp er "Sum grunnlag for overføring", men maksimalt "Maks. overførbart beløp", og minimum "Kompensasjon for lønnsoppgjernet 2024". Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon om mogleg overførbart beløp.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne løyvingsfullmakter

Sokkeldirektoratet har fått ei løyvingsfullmakt på 10 mill. kroner på Digitaliseringsdirektoratet sitt kapittel 540 post 25. Fullmakta er knytt til medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt. 4 056 148 kroner av fullmakta vart nytta i 2024. Gjenverande midlar kan overførast til neste budsjettår og planleggjast bruk i 2025.

Fullmakt til å overskride tildelt beløp mot tilsvarende meirinntekter.

Direktoratet har fullmakt til å overskride tildelt beløp på kapittel 1810 post 01 og kapittel 1810 post 21 mot tilsvarende meirinntekt. Meirinntekta for kapittel 1810 post 01 er knytt til kapittel 4810 post 01 og kapittel 4810 post 10.

Direktoratet har fullmakt til å overskride tildelt beløp på kapittel 1810 post 23 mot tilsvarende meirinntekt på kapittel 4810 post 02. Overskridning i 2024 har ikkje ei tilsvarende meirinntekt på kapittel 4810 post 02. Årsaka er at det er ein tidsforskje mellom kostnad og tilhøyrande inntekt.

Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til direktoratet på kapittel 1810 post 21 og kapittel 1810 post 23 er gitte med stikkordet "kan overførast". Dette inneber at direktoratet har fullmakt til å overføre eventuell gjenverande løyving til neste budsjettår, avgrensa oppover til sum av dei siste to års løyinger.

Mogleg overførbart beløp

På kapittel 1810 post 01 er det ein mindreutgift (ubrukt løyving) på 6 140 789 kroner. Mindreutgiftingen kjem hovudsakleg av at etterbetaling av

lønnsoppgjører skjer i 2025. Maksimal overføring av ubrukt løyving til neste budsjettår på denne posten er 5 pst. av løyvinga.

På kapittel 1810 post 21 er det ein mindreutgift på 25 693 587 kroner. Mindreutgiften kjem av mindreutgifter innanfor digitalisering, havvind og undersøkingar. Innanfor digitalisering er det noko lågare framdrift enn planlagt på grunn av interne kapasitetsutfordringar. Direktoratet har likevel

bemann opp i den seinare tida og vil halde fram oppbemanning slik at kapasiteten vil vere vesentleg betre i 2025. Innanfor havvind er det behov for vidare bearbeiding og forvaltning av innsamla data. Innanfor undersøkingar er det fleire prosjekt som er påbyrja, men ikkje ferdigstilte i 2024 og midlar blir derfor overført til 2025. Den ubrukta løyvinga kan overførast til neste budsjettår, jf. stikkordet "kan overførast".

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2024

	Note	2024	2023
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalingar frå gebyr	1	23 527 415	23 554 258
Innbetalingar frå tilskot og overføringar	1	0	
Sals- og leigeinnbetalingar	1	116 899 610	89 915 731
Andre innbetalingar	1	9 500	62 250
<i>Sum innbetalingar frå drift</i>		140 436 525	113 532 239
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalingar til lønn	2	249 669 711	240 535 471
Andre utbetalingar til drift	3	262 760 041	369 613 186
<i>Sum utbetalingar til drift</i>		512 429 752	610 148 657
Netto rapporterte driftsutgifter		371 993 226	496 616 417
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	3 664 878	4 930 972
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	12 336	21 386
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		3 677 214	4 952 358
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		3 677 214	4 952 358
Innkrevingsverksemnd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	8 874 592 511	8 815 305 122
<i>Sum innkrevingsverksemnd og andre overføringar til staten</i>		8 874 592 511	8 815 305 122
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		330 503	313 423
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		31 177 535	30 482 095

	Note	2024	2023
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		30 221 855	34 050 024
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-1 286 183	3 254 507
Netto rapportert til løvingsrekneskapen		-8 500 208 253	-8 310 481 840
Oversikt over mellomverande med statskassa			
Eigedeler og gjeld		2024	2023
Fordringar på tilsette		2 588 043	1 567 862
Kontantar		0	
Bankkontoar med statlege midler utanfor Noregs Bank		0	
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-9 358 092	-11 062 967
Skyldige offentlege avgifter		-1 095 491	-1 099 266
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-15 183 174	-15 703 931
Mottekne forskotsbetalingar		-27 123 925	-11 703 352
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalte lønn m.m.)		84 436	
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar		0	
Sum mellomverande med statskassa	8	-50 088 203	-38 001 654

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2024	31.12.2023
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
Undersøkingsløye m.m	13 138 420	13 120 964
Refusjon reiseutgifter	796 902	733 188
Refusjon konsulenttenester	184 951	498 564
Gebyrinntekter	9 407 142	9 201 542
Sum innbetalingar frå gebyr	23 527 415	23 554 258
<i>Innbetalingar frå tilskot og overføringer</i>		
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringer	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Salgsinntekt avgiftspliktig samarbeid	4 169 802	3 919 317
Inntekt Diskos	23 404 074	44 336 540
Inntekt Force	3 655 191	3 400 619
Inntekt OfU	14 755 072	24 789 534
Salsinntekt, timer oppdrag (OfU)	11 329 551	12 926 982
Refusjonar	4 310	21 005
Leige av visningsrom	76 800	373 700
Salsinntekt, andre tenester*	59 504 810	148 035
Sum sals- og leigeinnbetalingar	116 899 610	89 915 731
<i>Andre innbetalingar</i>		
Sal av utrangert materiell	0	12 250
Andre innbetalingar	9 500	50 000
Sum andre innbetalingar	9 500	62 250
Sum innbetalingar frå drift	140 436 525	113 532 239

* Salsinntekt i 2024 er knytt til sal av undersøkingsmateriale for grunnundersøkingane for første fase av havvindområdet Sørlege Nordsjø II.

Note 2 Utbetalingar til lønn

	31.12.2024	31.12.2023
Lønn	196 558 339	189 460 124
Arbeidsgjeveravgift	31 177 535	30 482 095
Pensjonsutgifter*	24 055 296	22 592 027
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 592 172	-5 758 549
Andre ytingar	4 470 713	3 759 773
Sum utbetalingar til lønn	249 669 711	240 535 471
Utførte årsverk:	179	178

* Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2024 12,7 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For rekeskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 12,5 prosent.

Note 3 Andre utbetalingar til drift

	31.12.2024	31.12.2023
Husleige	38 230 094	39 186 934
Velikehald og ombygging av leide lokaler	416 574	473 195
Andre utgiftar til drift av eigedom og lokaler	10 333 354	8 158 034
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr mv.	817 362	712 963
Mindre utstyrssanskaffingar	1 381 810	1 461 593
Leige av maskinar, inventar og liknande	18 499 854	16 633 402
Kjøp av konsulenttenester	33 291 657	23 374 696
Kjøp av andre framande tenester	93 640 618	187 404 432
Reiser og diett	9 241 424	7 730 402
Andre driftsutgifter	56 907 295	84 477 533
Sum andre utbetalingar til drift	262 760 041	369 613 184

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2024	31.12.2023
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
	31.12.2024	31.12.2023
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	12 336	21 386
Valutatap	0	0
Annan finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	12 336	21 386

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2024	31.12.2023
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigedelar og liknande	0	1 810 768
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	
Infrastruktureigedelar	0	
Maskinar og transportmiddel	0	
Driftsløsøre, inventar, verktøy og liknande	3 664 878	3 120 204
Sum utbetaling til investeringar	3 664 878	4 930 972
	31.12.2024	31.12.2023
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2024	31.12.2023
Arealavgift	1 179 889 725	1 319 487 755
Avgift på utslepp av CO2	7 694 702 786	7 495 817 367
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	8 874 592 511	8 815 305 122

Note 7 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

		31.12.2024	31.12.2024	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidlar				
	Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
	Obligasjoner	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar				
	Kundefordringar	919 248		919 248
	Andre fordringar	2 544 363	2 588 043	-43 680
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	Fordringar vedrørende innkrevingsverksem og andre overføringer til staten	0		0
	<i>Sum</i>	3 463 611	2 588 043	875 568
Langsiktig gjeld				
	Anna langsiktig gjeld			0
	<i>Sum</i>	0	0	0

Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	-15 019 525	0	-15 019 525
	Skyldig skattetrekk og andre trekk	-9 358 092	-9 358 092	0
	Skyldige offentlege avgifter	-1 095 491	-1 095 491	0
	Anna kortsiktig gjeld	-27 466 424	-42 222 663	14 756 239
	Gjeld vedrørande tilskotsforvaltning og andre overføringer fra staten	0		0
	<i>Sum</i>	-52 939 532	-52 676 246	-263 286
Sum		-49 475 921	-50 088 203	612 282

Prosjektrekneskap

Kapittel 1810 post 21

	Budsjett	Rekneskap	Resultat	Overføring til 2024	Saldert budsjett 2025	Budsjett 2025 inkl. overføring
Digitaliseringsprogrammet	42 200 000	31 438 556	10 761 444	10 762 000	40 000 000	50 762 000
Havbotnmineral	32 696 000	31 137 684	1 558 316	1 558 000	150 000 000	151 558 000
Grunnundersøkingar havvind, studiar, analysar, undersøkingar mv.	50 500 000	37 126 173	13 373 827	13 374 000	12 000 000	25 374 000
Sum kapittel 1810 post 21	125 396 000	99 702 413	25 693 587	25 694 000	202 000 000	227 694 000

Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Kapittel 1810 post 23

	Budsjett 2024	Rekneskap 2024			Differanse
		Viderefakturerte konsulentutgifter	Utgiftene til direktoratet	Sum utgifter	
Olje for Utvikling (OfU)	20 000 000	14 758 294	11 069 439	25 827 733	-5 827 733
Diskos	32 500 000	23 404 074	2 638 650	26 042 724	6 457 276
Force	5 000 000	3 672 191	2 764 897	6 437 088	-1 437 088
Sum	57 500 000	41 834 559	16 472 986	58 307 545	-807 545